



Hordaland Fylkeskommune

Pb 7900

5020 BERGEN

Vår ref.

16/420-102/N - 567/NILSTR

Dykkar ref.

Dato:

05.03.2018

Søknad om tilskostmidlar for trygge skulevegar og punktutbetring i 2018

Viser til dykkar utlysing av tilskotsmidlar knytt til trygge skulevegar og punktutbetring med frist 7.mars 2018. Kvam herad søker med dette om 3,8 mill. av tilskotsmidlar på 20 mill. i 2018 (*søknad om tilskot (FTU/MISA) – ref. 2014/22680*), til omlegging av veg opparbeiding av gangfelt på nedre del av Fylkesveg 131 i Øystese.

Kvam herad har i 2017 fått tildelt og er i gang med utbetring av eit strekke på ca. 130 m av Fylkesvegen. Ein søker no om å også få utbetra den resterande delen ca. 150 m på nedre delen av FV 131. Ein får då ein heilheiteleg gang- og sykkelveg frå der ein har gjort utbetring i 2018 og heilt fram til Øystese barneskule. Dette vil vere ein svært stor forbetring i området.

Heile strekket som ein ynskjer endra går frå kryss ved Skårdalsvegen 20 til Fitjadalsevegen 1 i Øystese. Dette er eit område på ca. 300 meter, der det i dag er stor trafikk og som er svært dårlig tilrettelagt for mjuke trafikkantar/skuleborn. Kvam herad er i gang med utbetring av den øvre delen av dette strekket mellom Gartveitvegen og Fitjadalsvegen.

Ved skulestart og slutt er det stor trafikk på dette strekket. Elevar som skal til barneskulen frå nord vil fylgje denne vegen. Dei kjem då frå områda Gartveit, Kyrhagen, Leitesdalen, Skårdalen, Fitjadalen. Frå desse områda som er godt utbygde med bustader, er det då naturleg at borna går eller syklar til eller frå skulen.

I området frå Fitjadalsvegen (Torebøen) vart det i 2017 også sett i gang eit større utbygging med over 30 nye bueiningar. Kvam herad har regulert inn fortau frå kryssavkjøring til Fitjadalsevegen og oppover langs denne kommunale vegen. Dette grensar naturleg til FV131 i sør, og ein vil då få eit langt samanhengjande fortau i framtida mellom den kommunale vegen og inn på FV 131 ned til skulen (Sjå kart 1 under). Bygging av det kommunale fortauen langs Fitjadalsvegen, vil vere ein betydeleg kostnad for Kvam herad. Det vil vere lite meiningsfullt å kun bygge den kommunale delen av gang og sykkelnettet, dersom ikkje nettet langs FV131 vert tilrettelagt tilsvarende. Opparbeing av veg/fortau langs FV131passar difor svært godt inn med kommunale prosjekt.

Det er svært gunstig å gjere tilrettlegging og opparbeing av fortau no på den farlegaste delen, før det kjem fleire boligar i området langs FV131 eller fortetting lags Fitjadalsvegen.

For å opprette fortau/ i dette området må vegen også leggjast om etter gjeldande reguleringsplan. Ein del massar må køyrast bort og ein garasje i nedre del må fjernast. Overvass-system i vegen er i tillegg dårlig og det må leggjast nye røyr for dette. Det er også

teke med kummar/kjefteslukar for å få dette til. Det er også lagt inn nye lys langs vegen/fortauet i kalkulasjonane.

Oppfylling av mål og krav i utlysningsteksten

Krava til tiltaket er lista opp. Deretter er krava kommentert av oss, sjå under:

- ✓ **Tiltaket må skje på fylkesvegnettet.** Dette er ok (FV131).
- ✓ **Tiltaket bør ferdigstillast i løpet av 2018.** Dette er ok, arbeidet vert lyst ut som totalentrepreise dersom ein får tilslagn om midlar. Reguleringsplan, kostnadskalkyle grovprosjektering, vegmodell er ferdig.
- ✓ **Tiltaket må omfatte punktutbetring og/eller trygg skuleveg.** Dette er ok, då dette er ein vegstubb der det manglar fortau. Ein vil no knyte saman fortau inn til Øystese Barneskule der ein i dag manglar dette (mellan 2 strekker)
- ✓ **Ferdig planlagde prosjekt vil verte prioritert.** Kvam herad har fått utarbeida reguleringsplan og vegmodell for området. Sjå utklypp av denne nederst. Arbeidet skal lysast ut som totalentreprise. Prisar er berekna ut frå eigen erfaringstal og tidlegare prisar frå entreprenør.
- ✓ **Kommunen kan søka om tiltak der Statens vegvesen vert ansvarleg for gjennomføringa.** I utgangspunktet tenker Kvam herad at ein sjølv kan gjennomføre arbeidet då ein har kompetanse og kapasitet til dette. Dersom SSV skal gjennomføre tiltaket må dei sende personell til Øystese for å følgje opp i prosjektgjennomføringa. For øvre delen er det laga ein gjennomføringsavtale mellom SSV og KH. Dette fungerer svært bra. Opparbeding av veg og fortau skal utførast etter Statens vegvesen sine handbøker. Det har i tillegg vore fleire møter der ein har diskutert dette strekket med SSV sine representantar.
- ✓ **Vel kommunen å stå for gjennomføringa sjølv, må det skje i nært samarbeid med Statens vegvesen.** Sjå kommentarar i punktet over.
- ✓ **Tiltaket må vere forankra hjå ordførar, kommunestyret eller i den kommunale trafikksikringsplanen.** Tiltaket er topp i trafikksikringsplanen. Denne er behandla politisk og godkjent av ordførar og kommunestyre. I Kvam herad sin TS-plan 2016-2019 er dette tiltaket (Øysteseheimen – X Fitjadalsvegen) prioritert på topp når det gjeld gang/sykkelvegar, veglys og vegutbetring.
- ✓ **Tilskotssummen kan vere på inntil 5 mill. kr.** KH søker om 3,8 mill til tiltaket
- ✓ **Tiltaka kan ha kommunal medfinansiering. Dette må i tilfellet opplysast om i søknaden.** KH vil vil nytte tid til anbodsutlysing og oppfølging av prosjektet i gjennomføringsfasen. I tillegg har ein brukt midlar på reguleringsplan og vegmodell i området og tenkjer at dette kan vere KH sitt bidrag til utbetring av den fylkeskommunale vegen, i tillegg til å bidra med 10 % av utbetringskostnadene dvs 400 000. Kvam herad vil i tillegg også nytte midlar på fortau langs kommunal veg opp mot Fitjadalen som grensar til FV131.

Økonomi

Utbetring av nedre del (ca. 150 m) av FV131 er kostnadsrekna til 4,2 millionar eks mva (oppsett vist i vedlegg). Kvam herad bidreg med 400 000 og søker om resterande sum på 3,8 mill.

Ein har avtala grunn slik at tiltaket kan gjennomførast. Dette vert gjort ved at ein planlegg å overta nødvendig område til veg og fortau for grunneigara og ved at ein gjer makabyte dvs grunneigara får tilsvarende areal tilbake frå Kvam herad. Kvam herad tek med dette ein og ein kostnad for å leggje til rette for framtidig veg og fortau.

Kostnadane er knytt til avgraving av massar, sprenging og tilrettelegge for ny veg og fortau ihht til reguleringsplanen. Kostnadane inkluderer ferdig opparbeida veg, fortau, lys og mottak av overvatn frå vegen/fortau. Dette i tillegg til dokumentasjon og oppfylling av SSV sine krav.

Dersom det er manglande opplysingar eller det ynskjer meir informasjon kan de ta kontakt med underteikna.

(NB ber om at kostnadsoppsett (vedlagt rekneark) ikkje vert offentleg, då arbeidet skal ut på anbod)

Helsing

Nils Eivind Strand
Leiar kommunalteknikk
Telefon: 56553187


Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:


Hordaland Fylkeskommune
Tore Skeie
Leif Skår
Lars Ese Ur

Vedlegg	Tittel
05.03.2018	Nytt fortau FV131 del 2
05.03.2018	Søknadskjema 2018. Trygg skuleveg og punktutbetring


Kart 1: Kartutsnitt av utbettingspunkt i Øystese




Kart 2: Kartutsnitt av planlagt fortau (grøn kommunal del, raud fylkeskommunal del)



Kart 3: Kart av område som ein no ynskjer utbtra



Kart 4: Område som vert samankopla med kontinuerleg fortau



Kart 5: Kartutsnitt av godkjent reguleringsplan og vegtrase.



Bilete 6: Utsnitt av område som ein ynskjer samankopla med nytt gangfelt. Fjell må sprengast og ein gammal garasje må fjernast i starten på gangveg/fortau.



Bilete 7: Utsnitt av ferdig vegmodell av strekket. Øvre del med avkøyring er under utbetring februar 2018.

